

Oslo 15.02.2011

Språkrådet
Postboks 8107 Dep
NO-0032 Oslo

Høringsutkast til ny rettskriving for nynorsk.

Fagutvalet for norsk i Norsk Lektorlag har handsama framlegget til ny rettskriving for nynorsk. Vi har særleg sett på rettskrivinga i høve til elevar, spesielt dei som har nynorsk som sidemål.

Vi ønskjer å følgje prinsippet om at norma skal vere enkel og med færrest mogeleg valfrie former. Der valfridomen gagnar elevane, ønskjer vi likevel å halde på han.

- Vi støttar framlegget om berre *-leg*, ikkje *-lig*
- Vi støttar framlegget om berre *-stilling*, ikkje *-stelling*
- Det kan bli for mange valfrie former med *j*. Ordpara *ønskje/ønske/ynskje/ynske* får fire former. Dette punktet er lite konsekvent når ein ser det i høve til diftongar (*drøyme, høyre*). Når målet er forenkling, må ein leggje seg på å stryke valfridommen, vi ønskjer altså *j* i desse orda.
- Vi støttar framlegget om at diftong blir eineformer i ord som *drøyme, høyre*. Vi ser ikkje kvifor forma *kjøre* skal bli halden på.
- Vi støttar framlegget om at former som i dag har hovudform med dobbel konsonant og klammeformer med enkel konsonant, i dei fleste tilfella berre skal ha former med dobbel konsonant.
- Vi meiner at ein bør halde på valfri samsvarsbøying og av sterke verb i perfektum partisipp.
- Vi er einige i innføringa av *dykk* som valfri subjektsform jamstilt med *de*. Former som *dokk* og *dokker* bør ikkje bli brukte.
- Vi ønskjer å halde på *noen* som valfri form. Bøying av *nokon* valdar mange problem for elevar med nynorsk som sidemål.
- Vi støttar framlegget om at kløyvd infinitiv går ut av rettskrivinga.
- Vi støttar framlegget om at *i-mål* går ut av rettskrivinga.

Adresse: Akersgt. 41
0158 OSLO

Internettider:
WWW.NORSKLEKTORLAG.NO

E-post:
SEKRETARIATET@NORSKLEKTORLAG.NO

Tlfnr 24 15 50 00
Faksnr. 24 15 50 01
Lederens mobtlf. 913 27 691
Generalsekretærens mobtlf. 481 71 611

- Inkjekjønnsordet *møbel* bør bøyast som eit regelrett inkjekjønnsord. Det er ulogisk at det som einaste inkjekjønnsord skal ha eiga bøyning.
- Vi er einige i at alle hankjønnsord skal få fleirtalsbøyning på *-ar* og *-ane*.
- Vi meiner at alle hokjønnsord bør kunne få fleirtalsbøyning på *-er* og *-ene*, og dei som endar på *-ing*.
- Framlegget til reglar for *e-verb* med stammeutgang på *-n* er vanskeleg. I dag kan alle *e-verb* få *-te* i preteritum, dette bør oppretthaldast.
- Ordtilfanget er vanskelig, særleg *-an-be-heit-else*-ord. Det er nesten umogeleg å følgje med på kva former som er tillatne. Det er ulogisk at det kan heite *følelse*, men ikkje *forståelse*. Her er det store inkonsekvensar som ein bør rydde opp i. Ord som er vanlege i språket og i bruk i store delar av landet, bør ein kunne bruke og i nynorsk. Hadde reglane vore at til dømes ingen *-an-be-heit-else*-ord kunne brukast, ville det ha vore enkelt å følgje dei, men mange slike ord er vanlege i norsk, og erstatningsord kan kjennast kunstige. Ordtilfanget er eit område som no er vanskeleg, og det er naturleg å handsame det i samband med den nye rettskrivingsnormeringa.

Med helsing

Gro Elisabeth Paulsen (sign.)

leiar

Norsk Lektorlag

Astrid Weel Sanrud (sign.)

leiar av Fagutval for norsk